



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

## Høring av søknad om løyve etter forureiningslova for anleggsarbeid i sjø - etablering av liggekai - E39 Oppedal ferjeleie Statens vegvesen - høyringsfrist 16. august 2024

Statens vegvesen skal etablere liggekai ved E39 Oppedal ferjeleie. For å etablere kaia må det mudrast ca. 7 700 m<sup>3</sup> sediment over eit sjøbotn areal på ca. 1 800 m<sup>2</sup>. Muddermassane er finmasse og eignar seg ikkje som masse til bygging. I staden for å ta massen på land og flytte den til godkjent deponi søker Statens vegvesen om å forskyve massane til djupare områder utafor kaiområdet. Sjøbotn er undersøkt for innhald av tungmetall og organiske miljøgifter og det vart ikkje funne forureining i prøvane.



Figur 1 Skisse som viser ferdig liggekai (Statens vegvesen)

Fordelen med å flytte massane i sjø er at arbeidsomfanget vert vesentleg redusert. Ved å ta massen på land, må ein laste den på lektar/lastebil og deretter transporterast 100-150 km til godkjent deponi.



Det er gjort ein berekning av kor mange turar med lastebil, samt km, som må køyrast for å få massen til godkjent deponi. Estimert 15 m<sup>3</sup> pr semi-lastebil, så vert det kring 750 turar. Det tilsvarar 60 000 km. Gjennom å bruke VegLCA sin transportkalkulator ser at ein at kunn køyringa, utan opplasting, utgjer eit klimagassutslepp på om lag 173 tonn CO<sub>2</sub>.

Det skal også fyllast ut steinmassar i sjø for etablering av kai hovudsakleg for å plastre kai og fyllingsfot. Tiltaket er risikovurdert og det er søkt om å ikkje nytta særlege avbøtande tiltak bl.a. fordi det ikkje er kjende marine naturtypar eller fiskeriinteresser i nærleiken. Arbeidet er planlagt med oppstart hausten 2024, og ferdigstilling i løpet av 2026. Arbeida i sjø vil pågå i starten av prosjektet.

### **Ber om eventuelle uttaler innan 16. august 2024**

Statsforvalteren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 16. august 2024. Vi utvidar høyringsfristen grunna sommarferie. Uttaler kan sendes til [fmv/post@statsforvalteren.no](mailto:fmv/post@statsforvalteren.no), merk med referansenummer 2024/9461.

Søknaden og Statsforvalterens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg: Søknad om løyve

Kopi til:  
Statens vegvesen

### **Mottakerliste:**

<b>Gulen kommune</b>	<b>Eivindvikvegen 1119</b>	<b>5966</b>	<b>EIVINDVIK</b>
<b>Fiskeridirektoratet</b>	<b>Postboks 185 Sentrum</b>	<b>5804</b>	<b>BERGEN</b>
<b>Mattilsynet</b>	<b>Postboks 383</b>	<b>2381</b>	<b>BRUMUNDDAL</b>
<b>Bergens Sjøfartsmuseum</b>			
<b>Sør-Norges Fiskarlag</b>			